

ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTA

(Til handsaming på KM 2010)

INNHALD:

Innleiing	s. 2
Ordning for hovudgudstenesta /Høgmesse	s. 4
Hovudgudsteneste / dømme på strukturar	s. 17
Samlingsbøner	s. 19
Synsvedkjenning / Lovnadsord	s. 23
Bønerop Kyrie / kyrielitani	s. 26
Lovsong Gloria	s. 28
Dagens bøn	s. 30
Forbøn	s. 31
I Temaområde	s. 31
II. Modellar	s. 32
III. Formulerte forbøner	s. 37
IV. Litani	s. 41
V. Bønesvar	s. 44
Kyrkjeårsprefasjonar	s. 45
Nattverdsbøner	s. 47
Nattverdsordning for særskilde høve	s. 53
Velsigningsord og utsendingsord	s. 55
Sentrale liturgiske tekstar på samiske språk	
- nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk	s. 56
Hovudgudstenesta på særskilde dagar i kyrkjeåret	s. 62

Tilvisingane, sjå s.000, viser til Rettleiing som er under utarbeiding fram mot KM 2011

INNLEIING

Denne ordninga saman med Allmenne føreskrifter for hovudgudstenesta (sjå s.000) utgjer det overordna regelverket for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja. I Rettleiing til hovudgudstenesta (s.000) blir det gjeve utfyllande forklaringar og rettleiingar.

Hovudgudstenesta er den fastsette gudstenesta på søndagar og helgedagar. I det følgjande kjem først ordninga for hovudgudstenesta, utforma som høgmesse. Her står ordninga med nokre av dei liturgiske tekstane (s.4-16) og rubrikkar (raud skrift). Når det gjeld andre liturgiske tekstar som høyrer til høgnessa og alle andre hovudgudstenester, sjå s..19 - 61).

Ordninga for høgnessa, slik heile ordninga er framstilt med ulike alternativ s. 4-16, dannar utgangspunkt for alle andre hovudgudstenester, både når det gjeld struktur, liturgiske tekstar og rubrikkar. Sjå døme på strukturar s. 17. Uttrykka ”forenkla gudsteneste med nattverd” (2), ”gudsteneste utan nattverd” (3) og ”forenkla gudsteneste utan nattverd” (4) gjer berre ei skildring av dei typane av hovudgudsteneste som ein feirar lokalt. Det blir avgjort lokalt kva ein kallar dei, til dømes familiegudsteneste, familiemesse, ung messe, og anna.

Ordninga for høgnessa og døma på strukturar er retningsgjevande når den lokale kyrkjelyden skal utarbeida ein eller fleire typar hovudgudsteneste (sjå Allmenne føreskrifter og Rettleiing til lokal grunnordning, s.000)

Rubrikkane (med raud skrift) i ordninga for hovudgudstenesta / høgnessa (s.4 – 16) gjev nærare føreskrifter om dei ulike ledda i liturgien. Rubrikkane gjeld både for høgmesse og andre typar hovudgudsteneste som den lokale kyrkjelyden vel å feira.

Bokstaven K blir brukt for kyrkjelyden, A for alle (liturg og kyrkjelyd), L for liturg (gudstenesteleiar, som er prest eller annan person som har fullmakt frå biskopen til å forretta hovudgudsteneste). Bokstavane ML (medliturg) blir brukte for tekstlesar(ar), bønleiar, nattverdmedhjelpar(ar), forsongar(ar) og andre som utfører liturgiske tenester og handlingar.

Når det står to bokstavsymbol, L/ML eller ML/L, er det det første bokstavsymbolet som har forrang. Sjå meir utførleg framstilling av oppgåvene til Liturg og Medliturgar i rettleiinga (s.000)

Sentrale liturgiske tekstar på samiske språk (se s.54) kan, der det er naturleg, brukast på hovudgudstenester i alle kyrkjelydane i landet. Sjå rettleiing s.000.

Sörsamisk:

Maahta voernges liturgijen tjaalegh saemien gieline (vuartesjh s. 53) , gusnie

iemie, áejviegyrhkesjimmine nuhtedh laanten gaajhkine áálmeginie. Vuartesjh bihkedimmiem s. 000.

Lulesamisk:

Guovdásj liturgalasj tevsta sámegeillaj (gehtja bielen 53) dáhkki, goassa le luondulasj, aneduvvat oajvvejubmeldievnastusájn gájkka rijka tjoaggulvisájn. Gehtja bagádusájt sijdon 000.

Nordsamisk:

Guovddáš liturgalaš teavsttaid sámegeielaide (gč. s. 53) lea vejolaš, dakko gokko lea lunddolaš, atnit válđoipmilbálvalusain buot riikka searvegottiin. Geahča bagadallama s. 000.

1. ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTA *HØGMESSE*

I. SAMLING

Sjå rettleiing, s.000.

1. FØREBUING

Det kan leggjast til rette for at kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å tenna lys, sitja stille i ettertanke og bøn. Der det finst lysglobe, skal Kristuslyset vera tent. *Sjå rettleiing s.000.*

Klokkeringing

- utan dei tre slaga til slutt.

Her kan ein ha ein kort

Informasjon om gudstenesta i dag

ML/L kan seia litt om særpreget for denne dagen. *Sjå rettleiing s. 000.*

Informasjonen blir avslutta med:

”Lat oss vera stille for Gud”

eller ei anna formulering som førebur kyrkjelyden til å vera saman for Guds andlet.

Kort stille

Dersom ein ikkje har innleiande informasjon og stille bønestund, sluttar klokkeringinga med tre slag og gudstenesta held fram med inngangssalmen.

Tre klokkeslag

2. INNGANGSSALME

Før inngangssalmen kan ein ha ein korsong eller eit preludium, normalt som forspel til salmen. Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen. *Sjå rettleiing om prosesjon s. 000.*

Dersom brød og vin ikkje er sett fram på eit eige bord før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og så sett på bordet eller på altaret. *Sjå rettleiing s.000*

Kyrkjelyden står under prosesjonen og inngangssalmen.

3. INNGANGSORD

Den som seier inngangsorda står ved lesepulten, døypefonten eller altaret.

L: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus.

K: **Amen**

Samiske tekstar, sjå s. 56.

eller

L: Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle!

K: **Amen**

eller

L: I namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande.

K: **Amen**

Samiske tekstar, sjå s. 56.

Når det er dåp i hovudgudstenesta, kan ein velja eitt av dei to første inngangsorda. Dåpen blir alltid innleidd med: "I namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande.

I gudstenester tilpassa born og unge, og i temagudstenester, kan inngangsorda følgjast av innslag som peikar på særpreg og tema i gudstenesta. *Sjå Rettleiing, s. 000.*

4. SAMLINGSBØN

Samlingsbøner, sjå s. 19 – 22.

Dagens bøn kan brukast som samlingsbøn, først og fremst på høgtidsdagar, sjå ledd 8.

Samlingsbøna kan innleiast med:

ML: Lat oss be eller Lat oss takka og be

Ein medliturg eller alle bed ei av samlingsbønene.

Når alle bed samlingsbøna, avsluttar ein bøna med "amen".

Når ein medliturg bed samlingsbøna, kan det avsluttast med "amen", eller med:

ML: Gud vi bed eller Vi bed i Jesu namn.

A: **Amen.**

5. SYNDSVEDKJENNING

kan følgja etter samlingsbøna, eller koma før forbøna. Sjå s. 10.

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L: Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

eller

L: Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

eller

L: Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet.

Det kan seiast eit lovnadsord etter synsvedkjenninga.

Det kan vera ei kort stille stund her eller før lovnadsordet.

Liturgan kan knela under synsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela. *Synsvedkjenningar og lovnadsord, sjå s. 23.*

6. BØNEROP KYRIE

Kyrie eleison blir sunge.

Kyrie eleison.

Kriste eleison.

Kyrie eleison.

eller

Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna deg (over oss).

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg (over oss).

Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna deg (over oss).

eller eit anna kyrie, sjå s. 25.

Samiske tekstar, sjå s. 54.

Kyrie kan utvidast til eit kyrielitani. Sjå s. 26.

7. LOVSONG GLORIA

L / ML: Ære vere Gud i det høgste

K: og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

eller

L / ML: Ære vere Gud i det høgste

K: og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.

K: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus, Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgre hand, høyr vår bøn.

K: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: For einast du er heilag, einast du er Herren, einast du er Den høgste, Jesus Kristus med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

M: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

Eventuelt kan annan lovsong, eller eitt eller fleire lovsongsomkved brukast. Sjå s. 28.

Dåp i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

8. DAGENS BØN

*Her kan liturgen be dagens bøn (kollektbøn), sjå *Rettleiing*, s.000 og *bøner* s.000.*

Dagens bøn kan brukast som samlingsbøn, først og fremst på høgtidsdagar, sjå ledd 4.

II. ORDET

Sjå Rettleiing, s.000.

I andre hovudgudstenester enn høgmesse kan det vera to lesingar, eller ei lesing (evangeliet).

Kyrkjelyden sit under dei to første lesingane.

9. FØRSTE LESINGA

- frå Det gamle testamentet.

L/ML: Lat oss høyra Herrens ord.

ML: Det står skrive hos/i ...”

Lesinga sluttar med: Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden kan svara: **K: Gud vere lova.**

10. BIBELSK SALME / SALME

Ein kan syngja ein bibelsk salme, ein annan salme eller det kan vera ei kort stille mellom lesingane.

Sjå Rettleiing, s.000.

11. ANDRE LESINGA

- frå Det nye testamentet utanom evangelia.

ML: Det står skrive hos/i...”

Lesinga sluttar med: Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden kan svara: **K: Gud vere lova.**

12. EVANGELIUM

Halleluja / Salme

Kyrkjelyden reiser seg. Evangelielesinga blir innleidd og avslutta med eit hallelujavers eller ein kort salme. Dersom salme blir brukt, kan ein syngja vers frå salmen både før og etter lesinga. Eventuelt kan ein syngja heile salmen før lesinga.

Ein kan òg ha evangelieprosesjon. Sjå Rettleiing, s. 000.

Kyrkjelyden blir ståande under lesinga.

L/ML: ”Det står skrive i evangeliet etter...

Lesninga sluttar med: Slik lyder det heilage evangeliet.”

Kyrkjelyden kan svara: **K: Gud vere lova.**

13. PREIKE

Predikanten preikar over evangelieteksten. Når den første eller andre leseteksten er sett opp som preiketekst, kan den teksten lesast her. Forteljningsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten. Sjå Allmenne føreseger, s.000 og Rettleiing, s. 000.

I preikedelen kan det i samråd med liturgen leggjast inn aktualiserande, dramatiserande eller aktiviserande element som er samordna med preika.

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal
éin sann Gud frå æve til æve.

Etter preika kan det vera høve til stille bøn, kort salme, eller ein kan ha meditativ instrumentalmusikk.

14. TRUVEDKJENNING Credo

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truedkjeninga utelatast her.

Eventuelt kan ein her syngja ein truedkjeningssalme. Sjå Rettleiing, s. 000.

Truedkjeninga kan ein leia ved lesepulten, døypefonten, eller ein annan stad i korpartiet. Kyrkjelyden står under truedkjeninga.

ML/L: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

**A: Eg trur på Gud Fader, den allmechtige,
som skapte himmelen og jorda.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den Heilage Ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,
skal kome att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den Heilage Ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv. Amen.**

Samiske tekstar, sjå s. 56.

eller

**A: Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.**

**Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.
Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen.
Ved Den Heilage Ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.**

**Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene
og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen,
skal koma att i herlegdom
og døma levande og døde.
Hans rike skal vera utan ende.**

**Vi trur på Den Heilage Ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som blir tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen
og som har tala gjennom profetane.
Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.
Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda.
Amen.**

15. SALME

Salmen kan utelatast dersom ein syng truedkjeninga.

III. FORBØN

Sjå Rettleing, s. 000.

SYNDSVEDKJENNING

Synsvedkjenninga kan plasserast her eller etter samlingsbøna, ledd 4.

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L: Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

eller

L: Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

eller

L: Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet.

Det kan seiast eit lovnadsord etter synsvedkjenninga.

Det kan vera ei kort stille stund her eller før lovnadsordet.

Liturgen kan knela under synsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela. Synsvedkjenningar og lovnadsord, sjå s. 23.

16. FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA

Forbøna med lokal utforming kan disponerast etter følgjande temaområde:

1. Folk og nasjonar på jorda.
2. Vårt eige land og folk
3. Kyrkja i verda og i vårt eige land
4. Vår eigen kyrkjelyd og staden der vi bur.

Sjå meir utførleg rettleing om temaområda, modellar og formulerte forbøner, s.31.

Forbøna er det helst ein medliturg som leier. Dei enkelte bøneavsnitta kan lesast av fleire.

Kvart bøneavsnitt kan avsluttast med "Gud, vi bed", lese eller sunge av den som bed bøneavsnittet, eller forbønsleiaren, liturgen eller kantor/forsongar.

Forbøna kan innleiast frå lesepulten, med:

ML/L: Lat oss be for kyrkja og verda.

Bønesvar

Etter kvart bøneavsnitt følgjer eit bønesvar, sunge eller lese. Sjå s.43.

Vi minnest dei døde

Forbøna kan ein avslutta ved at kyrkjelyden minnest dei som er døde og det har vore halde gravferd for sidan sist kyrkjelyden var samla.

ML/L: Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er holdt gravferd for sidan sist vi var samla.

Kyrkjelyden reiser seg

Ein les opp namna på dei døde.

Kort stille.

Deretter bed ein éi av desse bønene, begge, eller ei liknande bøn::

ML/L: Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.

og / eller

Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet. (Sal 90,12)

IV. NATTVERD

Sjå Rettleiing, s. 000.

17. FØREBUING AV MÅLTIDET

Salme – takkofferet frå kyrkjelyden

Takkofferet kan ein samla inn medan salmen blir sunge, eller medan det blir framført høveleg instrumental- eller vokalmusikk.

Ofringa kan gå føre seg i kyrkjebenkene eller (særleg på store høgtidsdagar) ved at ein går rundt alteret. *Sjå Rettleiing, s. 000.*

Brød og vin blir bore fram og sett på altaret, dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta starta. Ein legg brød på disken og heller vin i kalken.

Takkofferet kan berast fram i samband med denne handlinga.

Om ein ønskjer det, kan takkofferet berast fram før brødet og vinen, og ein kan be ei eiga bøn for takkofferet..

Når førebuinga er ferdig, kan ein lesa ei kort bøn, til dømes ei av desse:

L: Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Fyll hjarta våre med din Ande. Og liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

K eller L: **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

eller

L: Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

K eller L: **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

18. TAKKSEIING OG BØN

Helsing PREFASJONSDIALOG

L: Herren vere med dykk.

K: **Og med deg vere Herren.**

L: Lyft dykkar hjarte.

K: **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L: Lat oss takka Herren vår Gud.

K: **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising (prefasjon)

Prefasjonar, sjå s.45.

Lovprisinga under innleiinga er anten knytt til kyrkjeåret eller tilpassa den enkelte nattverdsbøna (sjå nedanfor).

Heilag SANCTUS

A: Heilag, heilag, heilag, er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med innstiftingsorda

Nattverdsbøner med innstiftingsord, sjå s. 47.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

A/L: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

A/L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Nattverdsbøna kan avsluttast med følgjande lovprising:

L: Ved Jesus Kristus og i samfunn med Den heilage ande, prisar vi deg, Gud, no og til evig tid.

K: **Amen.**

Fadervår

Kan lesast eller syngjast

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

eller

**Fader vår, du som er i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda
så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlet våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.
Før riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.**

Samiske tekstar, sjå s. 56.

19. NATTVERDSMÅLTIDET

Fredshelsing

L: Guds fred vere med dykk.

K: **Guds fred vere med deg.**

L eller ein medliturg kan deretter leggja til:

L/ML: Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og kan seia Guds fred, eller liknande ord.

Brødsbryting

Her kan brødet brytast.

Følgjande kan ein seia i samband med brødsbrytinga:

L: Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp.

Vinen som vi drikk, gjev oss del i Kristi blod.

Du Guds Lam AGNUS DEI

Liturgen kan seia, her eller etter Agnus Dei:

L: Kom, for alt er gjort ferdig.

K: **Du Guds Lam, som bar all verdsens synder,
miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
gjev oss din fred.**

Utdeling

Utdelingsmåtar, sjå Allmenne føresegner, s.000, og Rettleiing s.000.

Under utdelinga kan det syngjast éin eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder:

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

Samiske tekstar, sjå s. 56.

eller

Kristi kropp gjeven for deg.

Kristi blod aust ut for deg.

Den enkelte kan svara: **Amen.**

Born og andre som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av liturgen, med handspålegging eller krossteikning. Som velsigningsord tilrår ein å bruka eitt av følgjande ord:

Gud velsigne deg og bevare deg.

eller

Herren velsigne deg og bevare deg frå alt vondt og føre deg til det evige livet.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kan fredsønsket koma til slutt eller etter kvart knefall.

Etter utdelinga seier liturgen:

L: Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.

K eller L: Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L kan leggja til: Fred vere med dykk.

20. AVSLUTNING AV MÅLTIDET

Takkebøn

L/ML: Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

K eller L/ML: Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

L/ML: Himmelske Far, takk for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene held oss fast i trua på deg, bind oss saman i din kjærleik og stadfester i oss vona om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

K: Amen.

eller

L/ML: Trufaste Gud,
du som i dåpen har gjeve oss barnekår
og gjort oss til arvingar i ditt rike.
Vi takkar deg for dette måltidet
der du har gjeve oss forlating for syndene
og fornya oss i trua på dine lovnader.

K eller L/ML: **Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.**

Kalken og disken blir dekte med kalkkledet. Kalken og disken, og også vinkanna og brødøskja kan, om ein ønskjer det, setjast attende på sidebordet.

V. SENDING

Sjå rettleiing, s.000.

21. SALME

Kyrkjelyden står under salmen og velsigninga.
Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 24.

22. VELSIGNINGA

Når det gjeld velsigningsord som kan brukast på andre hovudgudstenester enn høgmessa, sjå s.55.

Velsigninga blir lesen eller sungen.
Velsigninga kan den enkelte ta imot ved å gjera krossteikn.

Innleiing til velsigninga kan vera:

L/ML: Lat oss prisa Herren
K: **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

eller

L seier eller syng: Herren vere med dykk.
K: **Og med deg vere Herren.**

eller

L seier: Ta imot velsigninga.

L: Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt ansikt lyse over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

Samiske tekstar, sjå s. 56.

Kyrkjelyden kan syngje:
K: **Amen. Amen. Amen.**

3 x 3 BØNESLAG

23. UTSENDING

Dersom kyrkjelyden blir sitjande under det etterfølgjande postludiet, kan utsendingsorda seiast etter postludiet.

ML/L: Lat oss gå i fred,

K: i Jesu Kristi namn. Amen.

eller

ML/L: Gå i fred.

eller

ML/L: Gå i fred. Ten Herren med glede.

- eller eit anna utsendingsord som høver til dagens særpreg. Det kan eventuelt òg formulerast eigne utsendingssord, sjå s.55.

24. POSTLUDIUM / UTGANGSPROSESJON

Dersom det er prosesjon ut, følgjer kyrkjelyden etter prosesjonen.

I staden for postludium kan det syngjast ein salme medan kyrkjelyden går ut.

Etter gudstjenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund med høve til stille bøn og ettertanke.

Ein kan òg følgja opp det diakonale oppdraget ved utsendinga som til dømes fellesskapssamling, soknebod med nattverd, anna besøksteneste, forbønsteneste og andre handlingar.

HOVUDGUDSTENESTE- dømme på strukturar

1. Høgmesse	2. Dømme på forenkla gudsteneste med nattverd	3. Dømme på gudsteneste utan nattverd	4. Dømme påforenkla gudsteneste utan nattverd
SAMLING	SAMLING	SAMLING	SAMLING
Førebuing	Førebuing	Førebuing	Førebuing
Inngangsort	Inngangsort	Inngangsort	Inngangsort
Samlingsbøn	Samlingsbøn	Samlingsbøn	Samlingsbøn
Syndsvedkjenning*		Syndsvedkjenning*	
Bønerop Kyrie	Bønerop Kyrie	Bønerop Kyrie	
Lovsong Gloria	Lovsong Gloria	Lovsong Gloria	Lovsong Gloria
Dagens bøn **		Dagens bøn**	
ORDET	ORDET	ORDET	ORDET
Første lesinga (GT)	Ein av dagens tekstar frå GT eller NT	Første lesinga (GT)	
Bibelsk salme / salme		Bibelsk salme / salme	
Andre lesinga (NT)		Andre lesinga (NT)	
Evangeliet – blir innleidd og avslutta med halleluja-omkved eller kort salme	Evangeliet – blir innleidd og avslutta med halleluja-omkved eller kort salme	Evangeliet – blir innleidd og avslutta med halleluja-omkved eller kort salme	Evangeliet – blir innleidd og avslutta med hallelujaomkved eller kort salme
Preike	Preike	Preike	Preike
Truvedkjenninga	Truvedkjenninga	Truvedkjenninga	Truvedkjenninga
Salme	Salme	Salme	Salme
FORBØN	FORBØN	FORBØN	FORBØN
Syndsvedkjenning*	Syndsvedkjenning*	Syndsvedkjenning*	Syndsvedkjenning*
Forbøn for kyrkja og verda	Forbøn for kyrkja og verda	Forbøn for kyrkja og verda	Forbøn for kyrkja og verda
		Fadervår	Fadervår
		Takkoffer (musikk eller salmesong) / bøn	Takkoffer (musikk eller salmesong) / bøn
NATTVERD	NATTVERD		
Førebuing av måltidet	Førebuing av måltidet		
Salme – takkoffer	Salme – takkoffer		
Takkseiing og bøn	Takkseiing og bøn		
Fredshelsing***	Fredshelsing***		
Måltidet	Måltidet		
Avslutning av måltidet	Avslutning av måltidet		
SENDING	SENDING	SENDING	SENDING
Salme****	Salme****	Salme****	Salme****
Velsigning	Velsigning	Velsigning	Velsigning
Utensing	Utensing	Utensing	Utensing
Postludium eller utgangssalme	Postludium eller utgangssalme	Postludium eller utgangssalme	Postludium eller utgangssalme

- * Etter samlingsbøna eller før forbøna
- ** Kan utelatast. Kan brukast som samlingsbøn, helst på høgtidsdagar.
- *** Siste delen kan utelatast
- **** Her eller som utgangssong

Høgmessa følgjer strukturen ein finn i den venstre kolonnen. Dei andre strukturane er eksempel, til hjelp for lokal utforming av andre typar hovudgudsteneste enn høgmessa. I eksempel 4 kan det sjølvstøtt òg vera med bønnerop / kyrie. Denne strukturen kan òg brukast i gudstenester med nattverd. Det kan vera aktuelt når det er mange mindre born til stades. Då kan ein velja Nattverdsordning for særskilde høve (s. 51), med det kortaste av bønnealternativa før innstiftingsorda.

Desse ledda skal vera med i alle hovudgudstenester:

Salmar

Inngangssord

Bøn

Syndsvedkjenning

Tekstlesing (Evangelium)

Preike

Truvedkjenninga

Fadervår

Velsigning

(Den aronittiske velsigninga. I andre gudstenester kan òg andre velsigningsord brukast)

SAMLINGSBØNER

Ein medliturg eller heile kyrkjelyden bed samlingsbønene. Når syndsvedkjenninga er lagt til samlingsdelen, er det ein medliturg som bed samlingsbøna, men heile kyrkjelyden seier fram syndsvedkjenninga. *Sjå rettleiing s. 000*

1.

Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet
for å møta din kjærleik og di sanning.
Send oss din Ande
og gjer oss opne for det som du vil gje oss.
Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre,
så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg
og tener deg i alle ting.

(Omarbeidd etter inngangsbøn frå Danmark, Holger Lissner)

2.

Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever.
Vi prisar deg for alt det vakre på vår jord,
og for alt som lèt oss kjenna at du er god.
Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre,
takknemlege hjarte og villige hender
så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn,
og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

(Omarbeidd etter kollektbøn for 13. søndag etter pinse)

3.

Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt
for å ta imot det som du Gud Fader, skaparen min,
du Herre Jesus, frelsaren min,
du Heilage Ande, trøystaren min i liv og død,
vil gje meg.
Lat no opp hjartet mitt ved din Heilage Ande,
så eg kan sørgja over syndene mine,
leva i trua på din nåde
og saman med heile ditt folk fornyast kvar dag
i eit sant og heilagt liv.

4.

Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus
for å ta imot det du vil gje oss.
Lat no opp hjarta våre,
så vi kan fornyast i trua på deg.

5.

Alle kan be bøna, heller ho kan vera ”hermebøn” ved at den som leier bøna, seier ei og ei setning som alle gjentek.

Gud, du er midt iblant oss.
Du omgjev oss på alle sider.
Hald oss i di hand.

6.

I og med at denne samlingsbøna inneheld syndsvedkjenning, utelèt ein i dette tilfellet syndsvedkjenning elles i gudstenesta.

Bøna blir sunge som vekselong mellom Liturg, ML (forsongar/ar) og kyrkjelyd.
Notar, sjå s.000

L: Trufaste Gud, du gjev oss nytt liv i den heilage dåpen.

Vi blir merkte med krossteiknet (+)

L/K: **Vi er dine born. Forny i dag vår tru og vår kjærleik.**

Medliturg auser opp vatn tre gonger frå døypefonten

L: Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud.

- eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.

ML: Vi kjem til deg med vår takk og vår song.

K: **Vi kjem til deg med vår takk og vår song.**

ML: Du er vår von.

K: **Du er vår von.**

L: Du kjenner våre liv. Ingenting er løynt for deg.

ML: Vi har gjort imot din vilje, vi bryt dine bod.

K: **Vi har gjort imot din vilje, vi bryt dine bod.**

ML: Tilgjev oss, Gud.

K: **Tilgjev oss, Gud.**

L: Du reiste Jesus opp frå grava.

I dåpen blir vi oppreiste til nytt liv med han.

ML: Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud.

K: **Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud.**

ML: - eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.

M: - eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.

(Omarbeidd etter ordninga Familiemesse)

7.

”Femteiknsbøna” har sitt opphav i Døvekyrkja i Noreg. Bøna høver spesielt godt i gudstenester med mange born. Setningane er formulerte slik at dei fungerer godt som teiknspråk. Ei gruppe born bør stå framfor kyrkjelyden og visa teikna. Dei i kyrkjelyden som ønskjer det, kan gjera handrørslene saman med gruppa av born.

Lyfte hender.

ML/L: Kjære Gud, du er hos oss.

Tenn ditt lys i oss.

Hendene i kryss framfor brystet.

ML/L: Kjære Jesus, du går med oss.

Lat oss få leva i din fred.

Hendene mot kvarandre framfor brystet med fingertuppene opp.

ML/L: Kjære Gud, du ser oss.

Ta imot våre tankar og stille bønner.

Hendene strekte ut framfor brystet med handflatene opp.

ML/L: Kjære Jesus, du tek våre hender i dine.

Lei oss på din gode veg.

Vi held dei som sit ved sida av oss, i handa.

ML/L: Gode Heilage Ande, takk for at vi ikkje er åleine.

Hjelp oss å sjå kvarandre med kjærleik..

(“Femteiknbøna”. Frå Døvekyrkja. Omarbeidd)

8.

Heilage Gud, du som har gjeve oss livet i gåve.

Takk for at du tek imot oss i dåpen
og styrkjer oss i nattverdens måltid.

Lei oss ved ditt ord

og gjer oss opne for det du vil gje oss.

9.

Modell for lokalt utforma samlingsbøn

Til enkelte gudstenester kan ein bruka andre samlingsbøner enn dei som finst her. Det kan vera bøner henta frå ulike kjelder, eller bøner ein i førebuinga formulerer sjølv.

(Sjå allmenne føresegner)

1. Bøna skal vera eit uttrykk for tru og vedkjenning i kyrkja vår og bøna skal ha liturgisk og poetisk berekraft.
2. Det viktigaste i bøna er å gje ord til at vi, som fellesskap, enkeltmenneske og del av skaparverket, er ”saman for Guds andlet”- med forventning og glede, knytt til møtet med den heilage Gud.
3. Samlingsbøna kan leggja vekt på ulike motiv, til dømes:
 - Takksemd over å vera funnen og teken imot av Gud (jfr. Luk 15).
 - Kvar søndag ein oppstodedag.
 - Jesu Kristi nærvær når vi er samla i hans namn.
 - Overgjeving til Gud.
 - Dåpspåminning.

- Å vera open for det som Ordet gjer i våre liv.
- Samlinga om ord og sakrament.
- Kallet til oppbrot og etterfølgjing.

10.

Samlingsbøn når det har skjedd ulukker eller katastrofar

Når ei ulukke eller ein katastrofe har ramma lokalsamfunnet, nasjonen eller eit anna område i verda, er det naturleg å la opninga av hovudgudstenesta i kyrkjelyden bera preg av dette. Det bør gjerast når ulukka og katastrofen er av ein slik art at det vedkjem heile kyrkjelyden, eller hendinga er allment kjend og kyrkjelyden dermed er innforstått med kvifor dette blir nemnt. Når ulukke og sorg gjeld ein eller nokre få i kyrkjelyden, er det meir naturleg å ta dette med i forbøna i gudstenesta.

Eitt eller fleire høvelege bibelord kan brukast der samlingsbøna elles har sin plass. Til dømes: Sal 130,1-2; Sal 38, 22-23; Sal 44,25-27; Sal 10,1. 12b. 14.

Saman med eller i staden for bibelordet kan ein be ei høveleg bøn, utforma lokalt eller henta frå Sørgegudstenesta, Bønebok for eller Den norske kyrkja eller andre kjelder. Som bøn kan òg eit velvalt salmevers brukast, t. d. NoS 710,v 1- Vi rekker våre hender frem.:

Bøna kan innleiast med nokre ord om den aktuelle ulukka/katastrofen. Dersom bibelord blir brukte, kan det seiast:

L: Våre ord kjem til kort i møte med det ufattelege. Lat oss difor henta ord frå Bibelen til vår klage og bøn:

Etter bøna kan det vera ei stille stund, som kan innleiast slik:

L: Lat oss vera stille i ettertanke og bøn.

Ein tilrår at gudstenesta held fram med Kyrie eleison eller eit høveleg Kyrielitani.

SYNDSVEDKJENNING /LOVNADSORD

Alle ber og seier fram syndsvedkjenninga.

1.

Gud, ver meg nådig!

Eg har synda mot deg og svikta min neste

- med tankar og ord,

med det eg har gjort,

og med det eg har forsømt.

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte

og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.

2. (forkorta versjon av 1)

Gud, ver meg nådig!

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte

og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.

3.

Gud, du kjenner og elsker oss alle.

Vi har gjort deg imot.

Vi har gløymt deg og det du vil vi skal gjera.

Vi har tenkt meir på oss sjølve enn på andre.

Tilgjev oss for Jesu skuld.

4.

Ver meg nådig, Gud, i din truskap,

stryk ut mine brot i di store miskunn.

Gjer meg rein og fri for skuld,

og rensa meg for mi synd!

Sjå, du har hug til sanning i inste hjarta,

så lær meg visdom i hjartedjupet!

(utdrag frå Salme 51)

5.

Herre, du ransakar meg og kjenner meg.

Anten eg sit eller står, så veit du det,

langt bortanfrå merkar du mine tankar.

Anten eg går eller ligg, så ser du det,

du kjenner alle mine vegar.

Ja, før eg har eit ord på tunga,

veit du det, Herre, fullt og heilt.

Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarte,
prøv meg og kjenn mine tankar.
Sjå om eg er på den vonde vegen,
og lei meg på ævevegen. *(utdrag frå Salme 139)*

6.
Heilage Gud,
Du har synt oss din gode vilje for livet.
Du har gjeve oss éi jord
til bustad for alle menneske.
Vi vedkjenner
at vi ved våre haldningar og handlingar
skader det livet du har skapt.
Tilgjev oss vår synd.
Gjev oss visdom og mot
til å gjera din vilje.
(Omarbeiding av nr. 5, s. 168 i Forslaget)

7.
Heilage Gud, himmelske Far.
Sjå i nåde til meg, syndige menneske,
som har såra deg med tankar, ord og gjerningar
og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.
For Jesu Kristi skuld
ha tol med meg.
Tilgjev meg alle mine synder,
Og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

8.
Modell for lokalt utforma syndsvedkjenning

Til enkelte gudstenester kan det brukast andre syndsvedkjenningar enn dei som finst her. Det kan vera bønner henta frå ulike kjelder eller bønner som ein i førebuinga formulerer sjølv. Sjå allmenne føresegner, s.000.

1. Syndsvedkjenninga skal vera eit uttrykk for tru og vedkjenning i kyrkja vår og ho skal ha liturgisk og poetisk bærekraft.
2. Syndsvedkjenninga bør ikkje vera for ordrik. Dei ferdig formulerte syndsvedkjenningane kan her vera retningsgjevande.
3. Syndsvedkjenninga må uttrykkja spenninga mellom Guds gode vilje for livet og det at mennesket syndar og kjem til kort..
4. Syndsvedkjenninga kan òg uttrykkjast som ransaking for Guds andlet (jfr. Salme 139).
5. Syndsvedkjenninga har både ei kollektiv og ei individuell side. Begge sidene er der uavhengige av den forma syndsvedkjenninga har ("eg"

eller "vi".) Lokalt utforma syndsvedkjenningar kan difor formulerast både i eg-form og vi-form.

6. I gudstenester på "Dagen for skaparverket" og i gudstenester prega av faste og bot er det naturleg med kollektivt utforma syndsvedkjenning. Då kan syndsvedkjenninga ha større omfang enn i dei vanlege gudstenestene.

LOVNADSORD

Eitt av desse, eller eit anna høveleg lovnadsord kan ein seia etter syndsvedkjenninga:

L: Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. (1 Joh 1,9)

eller

Så høg som himmelen er over jorda, så stor er Herrens nåde over dei som ottast han. Så langt som aust er frå vest lèt han våre synder vera borte frå oss. (Salme 103,11-12)

Etter lovnadsordet kan kyrkjelyden eller ein medliturg be følgjande takkebøn:

Gode Gud, takk for at vegen til deg alltid er open i Jesus Kristus. Hjelp oss å leva i di tilgjeving.

BØNEROP KYRIE / KYRIELITANI

Kyrie eleison

Ulike bønerop / kyriesongar finn ein i:

- Organistens gudstenestebok
- Liturgisk musikk, hefte 1-3
- Norsk Salmebok
- Salmar 97
- Ny framtidig Salmebok

og eventuelt andre kjelder

Kyrielitani

1.

Fra Norsk Salmebok: NoS 941 (Herre Jesus, du er vår fred.)

F: Herre Jesus, du er vår fred.

A: Kyrie eleison.

F: Du fører saman det som var skilt.

A: Kyrie eleison.

F: Du gjev oss den glade budskap.

A: Kyrie eleison.

F: Du gjev oss forlating for syndene.

A: Kriste eleison.

F: Du har vunne over døden.

A: Kriste eleison.

F: Du gjev oss nytt liv.

A: Kriste eleison.

F: Du som sit ved Faderens høgre,

A: Kyrie eleison,

F: du skal koma attende i herlegdom.

A: Kyrie eleison.

F: Du samlar dine truande i Faderens rike.

A: Kyrie eleison.

2.

Modell for utforming av kyrielitani

Ein kan i fellesskap utarbeida eit kyrielitani til ei bestemt gudsteneste. Dette kan vera særleg aktuelt ved gudstenester i konfirmasjonstida, gudstenester der unge er involverte i førebuing og gjennomføring, ved gudstenester i samband med til dømes Dagen for skaparverket, Nord-Sør søndagen, Freds- og menneskeretts-søndagen,

Søndagen for dei forfølgde, Diakoni-søndagen, Aids-dagen og søndagar i fastetida.

Det kan formulerast nokre ”rop” og ein kan velja eit kyrieomkved (gjerne treledda) som blir sunge mellom ropa. Ropa kan formast som korte forteljingar, vitnemål, eller andre former for konkrete utsegner på vegner av dei som klagar si naud.

Ropa kan lyda frå ulike stader i kyrkjerommet. Dei kan òg uttrykkjast ved drama, dans, bilete og liknande.

LOVSONG GLORIA

1.

Salme som lovsong (*i tillegg til eller i staden for "Ære vere Gud i det høgste..."*)
Lovsong IV i noverande gudstenesteboka (Som laudamus: NoS 264, v. 2-4.

Vi lovar, prisar, tilbed deg,
vi gjev deg takk og ære.
Med evig truskap herskar du,
ditt namn velsigna vere!
Ja, utan grenser er di makt,
og alt må skje som du har sagt,
du allmakts Gud og Fader.

Å Jesus Krist, Guds eigen Son,
som herskar med din Fader,
forsinar, ver vår hjelp og von
og trøyst mot alt som skader.
Gjev oss din nåde, du Guds Lam,
som bar all verdsens synd og skam,
du Herre, høg og heilag.

Du Heilag Ande, største skatt,
du kan oss evig trøyste
og verne dei mor Satans vald
som Jesus Krist forløyste.
I naud og fare styrk vår von
ved trua på Guds eigen Son,
og gjer oss sæle! Amen.

Alternativt kan ein bruka eitt vers:

Vi lover deg, vi takkar deg,
vår Skapar og vår Herre!
Å Jesus Kristus, du Guds Son,
velsigna evig vere!
Du ber all verdsens synd og skam,
miskunn deg over oss, Guds Lam,
ved Heilaganden! Amen

2.

NoS 943 – Måne og sol, ev. med innleiinga:

L/ML: Syng for Herren, pris hans namn. Forkynn frå dag til dag hans frelse.

eller

L/ML: Ære vere Gud I det høgste.

K: Og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i.

3.

L / ML: Ære vere Gud i det høgste

K: og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Lova vere Gud, vår skapar,
vi lovsyng deg med jubel.

M: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Lova vere Jesus, vår frelsar,
vår pris skal stiga opp til deg.

M: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Lova vere Anden, vår trøystar,
vi jublar over dine verk.

M. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

4.

L / ML: Ære vere Gud i det høgste

K: og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Du, Gud som råder over sol og stjerner og kaller fram kvart strå på jorda,
ditt auge ser all naud i verda, og du er ein Far, er vår Far.

M: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Jesus Kristus, vår bør den bar du og lyfte skulda av oss.

Oppstanden er du alltid hjå oss, evig bed du for oss hjå Far.

M: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Kor: Heilage Ande, du nyar oppatt jordas andlet og gjev all verda liv.

Til syndarar talar du trøyst og lyser oss heim til Far, til vår Far.

M: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

(fra Liturgisk musikk, hefte 1, s. 11 / Egil Hovland)

Ein kan bruka andre høvelege salmar eller lovsongar - valde etter temaet i gudstenesta og/eller tida i kyrkjeåret. Eventuelt kan eitt eller fleire lovsongsomkved brukast.

Noter til leddet Lovsang GLORIA:

- Organistens gudstjenestebok
- Liturgisk musikk, hefte 1-3
- Norsk Salmebok

- Salmer 97
- Ny fremtidig Salmebok og eventuelt i andre kilder

DAGENS BØN

Dagens bøn til søndagar og helgedagar i kyrkjeåret vil bli utforma etter Kyrkjemøtet 2010.

FORBØN

Sjå Rettleiing, s. 000.

I. TEMAOMRÅDE

Forbøn for kyrkja og verda – lokalt tilrettelagt

Forbøna med lokal utforming kan disponerast etter temaområde. Under kvart temaområde er det lista opp ei rekkje stikkord, til hjelp i det førebuande arbeidet med bønna. Når den konkrete bønna skal utformast, vil det vera nødvendig å gjera eit utval i stikkordslista nedanfor, evt. også ta inn andre tema, ut frå den aktuelle situasjonen og ut frå det preget ein vil at gudstenesta skal ha.

Nokre stikkord er i det følgjande lista opp under fleire av temaområda. Det betyr at dei kan koma til uttrykk i den delen av forbøna der det er aktuelt og naturleg.

Rekkefølga for temaområda kan endrast. Det samme gjeld rekkefølga på stikkorda under det enkelte temaområdet. Slik vil ein gjennom forbøna i praksis kunna fokusera på det som er karakteristisk for den aktuelle gudstenesta.

Forbøn for takkofferet i gudstenesta tek ein med der det er naturleg.

1. Folk og nasjonar i verda

Menne-ske i naud, bl.a.: Menneske ramma av ulukker og katastrofer, fattigdom, krig og konflikhtar og anna naud og krise.

Kamp for fred og rettferd.

Vern om menneskeverdet, frå livet startar til livet tek slutt.

Vern om skaparverket.

Anna internasjonal forvaltarteneste.

Menneske med leiaransvar i verdssamfunnet.

Internasjonale organ og organisasjonar.

2. Vårt eige land og folk

Menneske i naud: Sjuka, einsame, fattige, menneske utsette for vald og overgrep, menneske ramma av ulukker, katastrofer og kriser.

Menneske med leiaransvar (nasjonalt, regionalt og lokalt).

Kongen og hans hus (Kongen bør nemnast med namn).

Oppvekstvilkåra for born og unge.

Arbeid med å integrera og inkludera ulike grupper.

Vern om menneskeverdet, frå livet startar til tek slutt.

Vern om skaparverket.

Vårt eige land og den rolla det har i verdssamfunnet.

Anna forvaltarteneste, nasjonalt og regionalt.

4. Kyrkja i verda og i vårt eige land

Den verdsvide kyrkja. Misjon og diakoni.

Misjonsprosjekt og vennskapskyrkjelydar.

Menneske som blir forfølgde på grunn av si tru.

Leiarskap og styrande organ i Den norske kyrkja, nasjonalt og regionalt.
Biskopen i bispedømmet (bør nemnast med namn).
Gudstenestelivet i kyrkja, diakoni og trusopplæring.
Andre kyrkjесamfunn i Norge.
Kontakt og dialog med andre trussamfunn.
Framgang for evangeliet.

5. Vår eigen kyrkjelyd og staden der vi bur

Lokal kyrkjelyd, døypte, konfirmantar, born og unge (og andre).
Menneske med leiaransvar i kyrkjelyden.
Aktuelle planar og prosjekt.
Gudstenesteliv, diakoni og trusopplæring.
Enkeltmenneske, grupperingar og institusjonar i lokalsamfunnet. Barnehage, skule, sjuke/aldersheimar og liknande.
Arbeidsplassar, familie, naboskap, menneske som har bede om forbøn.
Lokal forvaltarteneste og vern om skaparverket.
Kall til tru og teneste.

II. MODELLAR FOR LOKALT TILRETTELAGEDE FORBØNER

Forbønsmodell 1 (følgjer temaområda)

Når denne bøna blir førebudd, bør det gjerast klart om ein berre skal nemna bønneemne eller om det skal utarbeidast fullstendige bøner. Eit bønneemne bør vera kort og presist formulert og på den måten gje ei retning og vera til hjelp for den stille bøna til den enkelte.
Dersom ein utarbeider fullstendige bøner, kan den stille stunda i kvart bønneledd utelatast.

ML/L: Lat oss be folk og nasjonar i verda.

ML: Vi bed for/om:

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i
overskrifta

(Stille bøn)

Gud, vi bed.

K: Bønesvar

ML/L: Lat oss be for vårt eige land og folk.

ML: Vi bed for/om:

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i
overskrifta.

(Stille bøn)

Gud, vi bed.

K: Bønesvar

ML/L: Lat oss be for kyrkja i verda og i vårt eige land.

ML: Vi bed for/om:

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i
overskrifta.

(Stille bøn)
Gud, vi bed.
K: Bønesvar

ML/L: Lat oss be for vår eigen kyrkjelyd og staden der vi bur.

ML: Vi bed for/om:

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i
overskrifta..

(Stille bøn)
Gud, vi bed.
K: Bønesvar

Forbøna kan avsluttast med:

ML/ L: Stille vil vi no leggja fram for deg det kvar og ein av oss har på hjartet.
Stille bøn

L: I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for, i Jesu Kristi namn..
K: Bønesvar

Forbønsmodell 2 (lystenning)

Sjå rettleiing, s.000.

Denne modellen kan vera aktuell blant anna i gudstenester der born og unge (til dømes
konfirmantar) tek del i førebuinga og gjennomføringa av gudstenesta.

Vel 3 – 6 av bønneemna og utform dei i samsvar med modellen nedanfor.
Eventuelt kan bøna disponerast etter temaområda (sjå s. 000).

Kvart av bønneavsnitta kan gjennomførast slik:

ML/ L: Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Vi tenner eit lys for...

Eit lys blir tent på ein lysglobe eller på eit bord med bønelys.

og takkar / bed for / om...

Her følgjer ei eller fleire bønner for det bønneemnet lyset vart tent for.

Her kan følgja *Stille bøn*

Gud, vi bed.
K: Bønesvar

Forbønsmodell 3 (salme)

Sjå rettleiing, s.000.

Salmar kan òg brukast og høva godt under forbøna, gjerne slik at dei blir sungne vers
for vers.

Det kan då utformast aktuelle bønner med utgangspunkt i kvart enkelt vers.

Døme på nokre salmar som kan høva:

Vi rekker våre hender frem (NoS 710)

Vær meg nær, å Gud (NoS389)

Jeg folder mine hender små (NoS 725 / 726)
Da jeg trengte en neste (NoS 707)
Gjev fred, å Herre Gud, gjev fred i våre harde tider (NoS 722)
Vår himmelske Far (S97 92)

Forbønsmodell 4 (fire himmelretningar)

Sjå rettleiing, s. 000.

Denne modellen kan blant anna vera aktuell i gudstenester med misjon og internasjonal diakoni som tema.

Ein utarbeider aktuelle bønner som har samanheng med kvar av dei fire himmelretningane. Det kan vera bønner for systerkyrkjer, menneske i konflikter og katastrofer, for skaperverket eller aktuelle hendingar. Forbøn for takkeofferet i gudstenesta kan ein plassera ved den himmelretninga der det er naturleg.

Forbøna kan innleiast slik:

ML/L: Lat oss be for kyrkja og verda ved å reisa oss og venda oss i dei fire himmelretningane.

Kyrkjelyden reiser seg.

1. Aust

ML/L: Vi vender oss mot aust og bed for syskena våre der.

Kyrkjelyden vender seg mot aust.

Det kan tennast eit lys mot aust, på ein lysglobe eller på eit bord med fire "bønelys".

Vi bed for/om... /takkar for ...

Her følgjer ei eller fleire bønner som har sammenheng med Aust

Den som bed, avsluttar bøna med: **Gud, vi bed**

A: Lat viljen din skje, lat viljen din skje, lat viljen din skje på jorda, å Gud eller eit anna høveleg bønnesvar.

2. Vest

L: Vi vender oss mot vest og bed for syskena våre der.

Kyrkjelyden vender seg mot vest.

Det kan tennast eit lys mot vest, på ein lysglobe eller på eit bord med fire "bønelys".

Vi bed for/om... /takkar for ...

Her følgjer ei eller fleire bønner som har sammenheng med Vest.

Den som bed, avsluttar bøna med: **Gud, vi bed.**

A: Lat viljen din skje, lat viljen din skje, lat viljen din skje på jorda, å Gud. eller eit anna høveleg bønnesvar.

3. Sør

L: Vi vender oss mot sør og bed for syskena våre der.

Kyrkjelyden vender seg mot sør.

Det kan tennast eit lys mot sør, på ein lysglobe eller på eit bord med fire "bønelys".

Vi bed for/om... /takkar for ...

Her følger ei eller fleire bønner som har sammenheng med Sør.

Den som bed, avsluttar bøna med: Gud, vi bed.

A: Lat viljen din skje, lat viljen din skje, lat viljen din skje på jorda, å Gud.
eller eit anna høveleg bønnesvar.

4. Nord

L: Vi vender oss mot nord og bed for vår eigen del av verda

Kyrkjelyden vender seg mot nord.

Det kan tennast eit lys mot sør, på ein lysglobe eller på eit bord med fire ”bønelys”.

Vi bed for/om... /takkar for ...

Her følger ei eller fleire bønner som har sammenheng med Nord

Den som bed, avsluttar bøna med: Gud, vi bed.

A: Lat viljen din skje, lat viljen din skje, lat viljen din skje på jorda, å Gud.
eller eit anna høveleg bønnesvar.

Forbønsmodell 5 (Bønevandring)

Sjå rettleiing, s.000.

Bønevandringa kan skje under forbøna i gudstenesta, eventuelt samtidig med nattverdmåltidet. Bønevandringa kan òg utvidast til å bli ei eiga vandregudsteneste.

Undervegs i vandringa bør det vera musikk, gjerne ei veksling mellom instrumentalmusikk og song, anten solosong eller korsong.

Døme på stasjonar i bønevandringa:

- Stille bøn ved altarringen – høve til å knela ned i bøn og ettertanke.
- Personleg forbøn, eventuelt med handspålegging – på ein stad i rommet der ein kan vera litt for seg sjølv.
- Velsigning – den enkelte kan knela medan ein medarbeidar legg handa på hovudet og velsignar med ei fast formulert velsigning.
- Dåpspåminning – ved døypefonten. Den enkelte blir teikna med krossteiknet og høyrer eit lovnadsord.
- Bønekrukke – høve til å skriva bønelappar, eventuelt teikna bønner (for born og vaksne som uttrykkjer seg lettare med teikningar enn med ord). Vel gjerne papir i ulike fargar, med opplysning om at dei som skriv på eit bestemt farga ark, ønskjer at bønene blir lesne opp. Bønelappane kan leggjast i krukker og berast fram til altaret når bønevandringa er slutt.
- Lystenning – i lysglobe og/eller annan stad i rommet.
- Skriftemål – dei som ønskjer å få tilsagt forlating for syndene, kan knela ned ved stolar som er sette fram og sanna syndene sine (sjå rettleiing om skriftemål s.000). Liturgen/medliturgen legg hendene på hovudet til den som kneler og seier tilseiingsorda: *”Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, i namnet til Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.”*
- Fotvasking – Dette er mest aktuelt på spesielle gudstenestedagar, til dømes skjærtorsdag.

- Andre element, t.d. knytte til temaet i gudstenesta. Stasjonar som gjev informasjon om og hjelp til fordjupning. Symbolhandlingar, formingsoppgåver og liknande.
- Kunstverk som stad for ettertanke og bøn. Gjerne installasjonar eller samtidskunst som ein kan låna/leiga av kunstnarar.

I gudstenester utan nattverd kan bønemandringa avsluttast med at ein bed Fadervår som fellesbøn.

I gudstenester der bønemandringa skjer samtidig med nattverdmåltidet, avsluttar ein vandringa etter at alle har teke imot nattverden, og liturgen ser at det er tid for å avslutta vandringa.

Då kan bønekrucker berast fram og setjast på altaret.

Deretter kjem tilseiingsorda i nattverden. Etter desse orda kan eventuelt nokre av bønene lesast (dersom det er opplyst om det på førehand) – og det heile kan avsluttast med denne eller en anna høveleg bøn:

L: I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for, i Jesu Kristi namn.

III. FORMULERTE FORBØNER

FORBØN 1

ML/L: For di kyrkje på jorda, for fellesskap mellom dei truande og framgang for evangeliet i heile verda bed vi deg, Gud.

K: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

ML/L: For di kyrkje i landet vårt, for biskopen vår og kyrkjelydane våre, for alle dine tenarar og medarbeidarar bed vi deg, Gud.

K: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

ML/L: Om vekst i trua gjennom Ordet og Sakramenta, om truskap i bøna, om tolmod og glede bed vi deg, Gud.

K: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

ML/L: Om fridom og fred i verda, om brød for dei som svelt, om rettferd for flyktingar og forfølgde, og om fellesskap over grensene bed vi deg, Gud.

K: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

ML/L: For vår konge og hans hus, for alle som har leiaransvar mellom oss bed vi deg, Gud.

M: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

ML/L: For alle sjuke og nedbrotne, for einsame og forlatne, for alle i freisting og fare bed vi deg, Gud.

K: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

ML/L: Om ditt nærvær i all naud, om kraft til å tena og til ein gong å nå det evige livet bed vi deg, Gud.

K: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

Eventuelt kan det følgja stille bøn innleidd med orda:

ML/ L: Stilt legg vi no fram for deg det kvar av oss har på hjartet

Stille bøn

ML/L *avsluttar med:*

Gud, vi bed deg.

M: **Bønesvar** (kort bønesvar – lese eller sunge)

Forbøn 2

Vi bed for heile di kyrkje på jorda.
Gjev einskap mellom alle truande.
Lat evangeliet ha framgang i alle land.
Sjå i nåde til det folket du gav
dine lovnader i den gamle pakta.
Styrk forkynnarar og misjonærar
og alle som strir den gode striden i trua.
(For... Aktuelle bønneemne kan nemnast.)
Hald oss fast i di sanning.
Det bed vi deg om, Gud.

K: Bønnesvar

Vi bed for kyrkjelyden vår.
Gjev oss mot og vilje til å tena deg.
Styrk oss gjennom ordet og sakramenta,
så vi får kraft og vilje til å stå saman mot vonde krefter.
Kall konfirmantane våre til eit liv
i tru og teneste.
(Om... aktuelle bønneemne kan nemnast)
Lei oss ved ditt ord og din visdom.
Det bed vi deg om Gud.

K: Bønnesvar

Vi bed for menneske som har det vondt,
for sjuke og einsame,
for dei heimlause,
for flyktningar og krigsoffer,
for dei som lid urett og er undertrykte i alle land,
og for dei som nyleg er komne til landet vårt.
(For... Aktuelle bønneemne kan nemnast.)
Hjelp oss å verna om menneskeverdet
frå livet startar til livet tek slutt,
det bed vi deg om, Gud.

K: Bønnesvar

Vi bed for verda.
Vara alle folk på jorda frå flaum og tørke
og velsign oss med godt og tenleg vêr.
Gjev oss vilje til å ta vare på jorda du har gjeve oss.
Gjev fred og fridom for folk og nasjonar,
rettferd i samfunn og arbeidsliv,
velsigning over arbeidet vårt,
og evne og vilje til å dela på ein rettferdig måte.
(Om... Aktuelle bønneemne kan nemnast.)

Gjev oss din fred.
Det bed vi deg om, Gud.

K: Bønesvar

Forbøn 3

Evige Gud, vi takkar og lovprisar deg, du som skapte himmelen og jorda.
Hjelp oss til å ta vare på ditt skaparverk og forvalta det til beste for kvarandre.
Lei folk og nasjonar til å leva i fellesskap og fred.

Hald di hand over vår konge, Harald, og hans familie.

Styrk med din visdom alle som har leiaransvar blant oss.

Vi bed... (her kan koma konkrete bøner som har samanheng med temae)

Fri oss alle frå misunning og mistenksame blikk og hjelp oss til å leva i fred og forsoning.

Gud, vi bed.

M: Bønesvar

Vi bed for alle som lever i fattigdom.

Ver vern og ly for dei som er på flukt frå krig og katastrofer.

Vi bed om fred for Jerusalem og for alle folk og stammar
som knyter si von til denne byen.

Vi bed for det forsvarslause livet.

Ver nær hos alle som er sjuke og som treng hjelp.

Vi bed for alle som kjenner seg utestengde, utan fellesskap å høyra til.

Hald di vernande hand over barnet i mors liv.

Hjelp dei som blir utsette for vald og overgrep.

Vi bed... (her kan koma konkrete bøner som har sammenheng med temaet)

Gjer oss til tenarar som kan lytta, lindra og lækja.

Gud, vi bed.

M: Bønesvar

Vi bed for di kyrkje på jord.

Fyll henne med din Ande.

Ver hos dei som blir forfølgde for ditt namns skuld.

Vi bed for kyrkjelyden vår, for gudstjenestene og samværa,

for dei som vart døypte / skal døypast i dag (*den/dei døypte blir nemnde med
fornamn*),

for foreldra, fadrane og andre som står dei nær.

Vi bed for konfirmantane våre.

Hjelp de å finna din veg gjennom livet.

Lat dei kjenna seg omslutta av din kjærleik.

Vi bed... (her kan koma konkrete bøner som har samanheng med temaet)

Gjev oss eit ope sinn i møte med menneske som har ei anna tru eller
overtying, så vi ikkje fordømmer og snakkar usant om kvarandre.

Gud, vi bed.

K: Bønesvar

Gode Gud, vi bed for dei fellesskapa der vi høyrer til,
kyrkjelyden, familien, venner og grannelag.
Vi bed for barnehagane og skulane våre,
for bedrifter og arbeidsplassar
og for dei som er arbeidslause.
Ver nær hos alle strevar med sitt liv.
Vi bed... *(her kan koma bøn for institusjonar i lokalsamfunnet,
sjuke/aldersheimar og liknande, vennskapsrelasjonar til menneske og prosjekt i
andre land, og andre bøner som har samanheng med temaet)*
Vi bed for heimane våre.
Lat truskap og respekt prega vår omgang med kvarandre.

Forbøna kan avsluttast med

L: Lat oss stilt leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet

L: Gud, vi bed.

M: **Bønesvar**

Forbøn 4

Kjære Gud, himmelske Far:

Takk for at du skapte oss,

og takk for at du skapte jorda vi bur på.

Takk for at du kjenner oss og elsker oss.

Hjelp oss til å ta vare på kvarandre og på alt det du har skapt.

Gud vi bed deg.

K: **Bønesvar**

Kjære Jesus:

Du fann venner du kunne gleda deg saman med og gråta hos.

Takk for evna vår til vennskap.

Hjelp oss å vera til stades for kvarandre.

Lat alle menneske finna nokon dei kan stola på.

Du har vist oss at alle menneske er like viktige og like verdifulle.

Ver hos alle som lid på grunn uforstand eller vondskap.

Hjelp oss til å kjempa mot undertrykking og urett.

Gud, vi bed deg.

K: **Bønesvar**

Gode Heilage Ande:

Du viser oss vegen vi skal gå.

Gjev oss vilje og kraft til å gå han.

Gjev oss visdom og styrke slik at vi kan stå saman.

Du har kalla oss til å vera di kyrkje.

Kom til oss med dine gåver

og hjelp til å vera lys og salt i verda.

Gud, vi bed deg.

K: Bønesvar

LITANI

Fredslitaniet (NoS 952 / 953)

Ein kan be ei kort bøn med aktuelle bønemne etter dette litaniet. Eventuelt kan det avsluttast med "Lat oss stille leggja fram for deg det kvar og ein av oss har på hjartet."

Litaniteksten kan òg danna mønster for utforming av aktuelle bønner, som kan erstatta enkelte eller alle bønene.

F Vi bed om velsigning.

P Velsigna vere ditt rike, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æve.

A Amen.

Litaniet kan eventuelt byrja her:

F Lat oss be i fred til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F Om fred i heile verda, om samhald i Guds heilage kyrkje, og om einskap av alle, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F For dette heilage huset og for dei som stig inn i det med tru, vørndnad og gudsfrykt, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for prestane våre og for biskopen vår (**namn kan nemnast**), lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F For denne byen/bygda og for alle land og stader, og for dei truande som bur der, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F Om tenleg vêr, om rikeleg grøde på jorda og om fredelege tider, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F For dei som ferdast til sjøs, på land og i lufta, for dei sjuke og for dei som lid, for fangar og deira frelse, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F At vi må verta fridde frå all trengsle, vreide, naud og fare, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F At vi må verta fridde frå all trengsle, vreide, naud og fare, lat oss be til Herren.

A Herre, miskunna oss.

F Hjelp oss, frels oss, miskunna oss og verna oss, Herre, i din nåde.

A Herre, miskunna oss.

F Lat oss koma i hug dei som var trugne heilt til døden, så vi overgjev oss sjølve og kvarandre og livet vårt til Herren Jesus Kristus.

A Ja, til deg, vår Herre.

P For sigeren, æra og makta tilhøyrer deg, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æve.

A Amen. / Amen, amen, amen.

Litaniet NoS 951

Dette mest tradisjonelle litaniet i kyrkja vår vart utforma av Martin Luther, på grunnlag av helgenlitaniet frå mellomalderen. Lenge var dette det einaste litaniet. Det vart difor omtalt i bestemt form, og det har særleg vore knytt til fastetida og Bots- og bededag.

Kyrkjelyden kan syngja heile vers 2 og 8.

I gudstenester med nattverd kan det avsluttande "Å du Guds Lam" utelatast i litaniet.

1

A Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna oss.

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna oss.

Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna oss.

2

F(A) Gud, vår Far i himmelen,

A miskunna deg over oss.

F(A) Herre Jesus, verdsens Frelsar,

A miskunna deg over oss.

F(A) Heilag Ande, vår trøystar,

A miskunna deg over oss.

3

F Frå alle synder, frå all villfaring, frå alt det som vondt er,

A fri oss, kjære Herre Gud.

4

F Frå ein vond og brå død, frå krig og undertrykking,

frå ulukker og øydelegging,

A fri oss, kjære Herre Gud.

F Frå den evige død,

A fri oss, kjære Herre Gud.

5

F For Kristi heilage fødsels skuld, for hans kross og hans død,

for hans sigerrike oppstode og himmelferd,

i vår lukkelege tid, i vår sorg og vår naud,

i vår siste time og på domedag,

A hjelp oss, kjære Herre Gud.

6

F Styr og lei di heilage kristne kyrkje,
og lat henne sameinast i di sanning.
Gjev kyrkja tenarar som held fast på ditt ord.
Verna oss mot vrang lære og død tru.

A Høyr oss, kjære Herre Gud.

F Styrk kyrkjelyden vår med din Ande og di kraft.
Kalla dei villfarne heim att, og lat ditt ord ha framgang på jorda.

A Høyr oss, kjære Herre Gud

.

7

F Gjev fred og samhald i alle land.
Verna vårt folk og vår konge.
Vara vår jord og velsigna vårt arbeid.
A Høyr oss, kjære Herre Gud.
F Hjelp alle som er i naud og fare.
Gjer vel mot dei som gjer vondt mot oss.
Miskunna deg over alle menneske.
A Høyr oss, kjære Herre Gud.
F Jesus Kristus, Guds Son.
A Herre, tak imot vår bøn.

8

F(A) Å du Guds Lam, som bar all verdsens synder,
A miskunna deg over oss.
F(A) Å du Guds Lam, som bar all verdsens synder,
A miskunna deg over oss.
F(A) Å du Guds Lam, som bar all verdsens synder,
A gjev oss din fred.

9

A Å Herre, høyr vår bøn, og lat vårt rop nå fram til deg. Amen.

Ein kan be nokre korte bønner mellom litaniet og fastekollekten. Eventuelt kan bønene avsluttast med "Lat oss stille leggja fram for deg det kvar og ein av oss har på hjartet."

L/ML: Vi takkar deg, Gud, vår Far,
du som har gjeve oss din einborne Son, Jesus Kristus,
for at hvar den som trur på han,
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Vi takkar deg, Jesus Kristus,
du som har bore våre synder på din heilage lekam
og sletta ut vår skuld med ditt blod.

Vi takkar deg, Heilage Ande,
du som gjev oss denne trua i hjarta våre
at Jesus Kristus er vår einaste redning og frelse.

Gud, gjev oss din nåde, så vi fullt og fast trur

at alle syndene våre er tilgjevne for Jesu Kristi liding og døds skuld.
Styrk oss ved din Heilage Ande, så vi dagleg motstår
synd og freistingar og alltid held oss nær til Jesus,
inntil vi ser han andlet til andlet.

Vi bed i Jesu Kristi namn.

M: **Amen**

V. BØNESVAR

Ulike bønesvar finn ein i:

- Organistens gudstenestebok
- Liturgisk musikk, hefte 1-3
- Norsk Salmebok
- Salmar 97
- Ny framtidig Salmebok
og eventuelt andre kjelder

KYRKJEÅRSPREFASJONAR

Advent

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda for å oppfylla dei lovnadene du gav folket ditt gjennom profetane. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Jul og Maria bodskapsdag

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som for vår skuld vart menneske for at vi skulle bli dine born, frelste ut av mørket og inn i ditt underfulle lys. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samsrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Openberringstida

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som openberra din herlegdom for verda, så den som følgjer han ikkje skal vandra i mørkret, men ha lys og evig liv. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Faste

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som elska oss og gav seg sjølv for oss, så han vart lydig til døden, ja døden på krossen. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Påske

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det rette påskelammet, som har bore våre synder, og ved si oppstode har han sigra over døden. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Kristi himmelfartsdag og søndag før pinse

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som fór opp til himmelen og no sit ved di høgre hand. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Pinse

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, for han sit ved di høgre hand og har sendt Den Heilage Ande over vitna sine, så ditt folk kan jubla i glede og forkynna dine store gjerningar på mange tungemål. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Treiningtida

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tørsta. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgemessesøndag, martyrdagar

I sannig verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som var Frelsar og førebilete for alle dine heilage som har fullført løpet og teke vare på trua. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

NATTVERDSBØNER

Nattverdsbøn A

Innleiande lovprising

ℒ messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

α Heilag, heilag, heilag

ℒ Vi prisar deg, heilage Gud, du som skapte himmelen og jorda og elsker verda slik at du gav din Son, Jesus Kristus, så han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilagt folk. Send oss din Ande, så vi i tru kan ta imot gåva i nattverden.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disiplane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

ℒ Nådige Gud, til minne om din Son, han som leid og døydde for oss, feirar vi med glede og takk dette måltidet i trua på hans sigerrike oppstode og himmelfart medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom.

Fyll oss med din kjærleik, lær oss å elska kvarandre som du har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.

Her kan det leggjast til:

Ved Jesus Kristus og i samfunn med Den heilage ande, prisar vi deg, Gud, no og til evig tid.

ℑ Amen.

α Vår Far / Fader vår

Nattverdsbøn frå høgmesseliturgien 1977 (revidert).

Nattverdsbøn B.

Innleiande lovprising

L messar eller seier: Vi takkar deg, heilage Gud, ved din Son Jesus Kristus. Han er det evige Ordet, og ved dette Ordet skapte du alt. Då tida var inne, sende du han til verda som frelsar og frigjerar. For dette prisar vi deg, saman med alle dine heilage i himmelen og på jorda.

α Heilag, heilag, heilag

L Vi lovar deg Gud, og takkar deg for din Son, Jesus Kristus. Ved Andens kraft vart han fødd av Maria møy. Han levde under same kår som oss og enda sitt liv då han strekte hendene ut på krosstreet. Slik gjorde han døden til inkjes, braut vondskapens lekkjer og openberra for oss oppstoda av lekamen.

Difor minnest vi hans død og oppstode når vi kjem fram for deg med desse gåvene. Vi bed deg: Send din Heilage Ande over dei, så dei for oss kan bli brødet til livet og begeret til frelse. Lat alle som får del i dei, sameinast til eitt. Fyll oss med din Ande og stadfest oss i sanninga, så vi kan prisa deg og leva til di ære.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disipline og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L: Saman med di kyrkje over heile jorda bed vi den bøna som din Son har lært oss:

α Vår Far / Fader vår

Nattverdsbøn på grunnlag av Hippolyts tekst

Nattverdsbøn C

Innleiande lovprising

L messar eller seier:

Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos deg, Gud!
Himmelen fortel om din herlegdom, og jorda vitnar om dei verk dine hender har gjort. Saman med dei truande gjennom alle tider vil vi prisa ditt heilage namn.

A Heilag, heilag, heilag

L Heilag og miskunnsam er du, Gud,
som ikkje vende deg bort då mennesket synda,
men gav lovnaden din til Abraham om velsigning for alle folkeslag.
Mektig og trufast er du, som fria folket ditt frå trældom,
og fornya lovnaden gjennom profetane.
Då tida var inne, sende du din Son for å kjøpa oss fri
og gje oss retten til å vera dine born.
Ved hans død på krossen forsona du alt med deg sjølv og skapte fred.
Vi bed deg: Send din Ande over oss og dei heilage gåvene dine.
Samein oss i trua på din nåde, så vi kan ta imot Jesu lekam og blod
til forsoning og fred, og forkynna hans død til han kjem.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disipline og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L Evige Gud, saman med alt som er skapt, ventar vi med lengsel på å bli frigjorde frå det forgjengelege og få del i den fridomen som dine born skal eiga i ditt herlegdoms rike. Frå deg og ved deg og til deg er alle ting. Deg vere ære i all æve!

M Amen.

A Vår Far / Fader vår

Nattverdsbøn med paulinske tekstar

Nattverdbøn D

Innleiande lovprising

L messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen
eller

Vi lovar deg, Gud over himmel og jord, du som gjev deg til kjenne for oss i ditt skaparverk, og gav oss din Son som ditt eige bilete.

Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi og blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag, heilag, heilag

L: Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene og openberra seg for venene sine då han braut brødet og gav dei. No bed vi deg: Lat din Ande koma over oss og dei heilage gåvene dine, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstadne Frelsar.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disiplane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L: Heilage Gud, gjev oss brennande hjarte. Lat oss få kjenna att Kristus i alle som svelt og tørstar. Bli hos oss, også når vi tvilar og sørgjer. Gå med oss, inntil all sorg og smerte har vike for jubel og lovssong.

Her kan leggjast til

L: Ved Jesus Kristus og i samfunn med Den heilage ande, prisar vi deg, Gud, no og til evig tid.

K: **Amen.**

A: **Fader vår / Vår Far** *Nattverdsbøn ut frå Emmausforteljinga (Luk 24)*

Nattverdbøn E

Innleiande lovprising

ℒ messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

eller

ℒ Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender. Saman med englane og din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovprisar vi ditt heilage namn:

ℱ Heilag, heilag, heilag eller ein annan lovsong.

L: Heilage Gud, du har skapt oss og gjeve oss livet som gåve. Vi takkar deg for Jesus Kristus, verdsens frelsar. Han døydde og stod opp att. Og vi har fått tilgjeving for syndene, og evig liv. Vi takkar deg for dåpen, der vi blir fødde på ny. Vi takkar deg for nattverden, der du samlar oss som din familie. Vi bed deg: Send din Ande over oss og dei heilage gåvene frå deg. Gjer oss til eitt med kvarandre og Jesus Kristus.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disiplane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

ℒ: Gud, ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg. Gjev oss å elska kvarandre, slik du elsker oss. Lat dei små bli sette høgt og dei svoltne bli metta med gode gåver.

Liturgen og/eller eit eller fleire born:

Saman med alle dine born bed vi den bøna din Son har lært oss.

ℱ Fader vår / Vår Far

Nattverdsbøn omforma etter Familiemessa.

Nattverdsordning for særskilde høve

Når det gjeld bruk av denne ordninga, sjå rettleiinga, s. 000.

Førebuing av måltidet

Brød og vin blir bore fram/gjort klart. Sjå rettleiinga, s. 000.

Helsing

ℒ Lat oss lovprisa Gud.

ℑ Takk og ære høyrer Gud til, i all æve.

Heilag (Sanctus) eller ein annan lovsong

Nattverdsbøn med innstiftingsorda

Ei av følgjande bøner:

L: Gode Gud, vi takkar deg for din herlegdom som er breidd ut over himmel og jord. Gjennom vatnet i dåpen fria du oss ut frå mørkemaktene og gav oss del i Jesus Kristus, din Son. No bed vi deg: Send oss din Heilage Ande, så vi kan få mot til å leva og frimod til å tru.	L: Trufaste Gud, vi vil prisa deg så lenge vi lever og lovsyngja namnet ditt til evig tid. Vi takkar deg for at du sende din Son Jesus Kristus til frelse for verda. Ved hans død får vi syndene våre tilgjevne, og i hans oppstode kan vi leva det nye livet. No bed vi deg: Send din Ande over oss og desse gåvene, så dei kan bli eit teikn for håp i våre liv.	L: Vi lovsyng deg, Gud, som skapte himmelen og jorda. Du tek oss inn i din kjærleik og di omsorg. Takk for frelsa du har gjeve oss gjennom Jesus Kristus. Vi bed deg: Send din Heilage Ande over oss og dine gåver.	Anna ferdig formulert eller lokalt utforma bøn til den enkelte gudstenesta. Sjå rettleiing s 000.
---	--	---	---

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disiplane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

L: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

eller

L: Stort er mysteriet i trua.

L/A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

α Vår Far / Fader vår

Dette leddet kan utelatast i denne korte nattverdordninga

Fredshelsing

ℒ Guds fred vere med dykk.

ℑ Guds fred vere med deg.

ℒ eller ein medliturg kan deretter leggja til:

Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og kan seia Guds fred, eller liknande ord.

Utdeling

Sjå rettleiinga s. 000

Utdelingsorda lyder:

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

eller

Kristi kropp, gjeven for deg

Kristi blod, aust ut for deg

Etter utdelinga seier liturgen:

L: Den korsfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.

K eller L: **Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.**

L *kan leggja til*: Fred vere med dykk.

Avslutning av måltidet

Her kan ei av dei oppsette takkebønene koma, eller ei anna høveleg bøn.

VELSIGNINGSORD OG UTSENDINGSORD

Velsigningsord

Normalt brukar ein den aronittiske velsigninga i hovudgudstenestene i kyrkjelyden, og alltid når gudstenesta blir feira som høgmesse.

I gudstenester der det er ønskjeleg ut frå spesielt tema eller fokus, kan eitt av alternativa til velsigning nedanfor brukast, eventuelt andre høvlege velsigningsord.

1.

Den apostoliske velsigninga kan brukast i gudstenester der ho ikkje har vore brukt som inngangsord.

L: Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle! ✠

K: **Amen**

2.

Kan syngjast eller lesast.

Alle: Velsign oss, Gud Fader. Velsign oss, Guds Son, Velsign oss, Guds Heilage Ande. Amen.

3.

Kan syngjast eller lesast.

L: Velsigninga frå Gud, vår skapar,
Jesus Kristus, vår frigjerar,
og Den heilage ande, vår livgjevar,
vere med dykk alle. ✠

M: **Amen.**

UTSENDINGSORD

I tillegg til utsendingsorda i ordninga (sjå s.13) kan eit anna høveleg utsendingsord brukast. Det kan eventuelt òg formulerast egne utsendingsord.

Korte utsendingsord kan eventuelt innleiast med eit bibelord, i tråd med dagens tekstar/tema.
Nokre døme:

Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom (2 Tim 1,7).

Gå i fred.

Guds fred, som går over all forstand,
skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus (Fil 4,7).
Gå i fred.

Kristus seier: ” De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer.” (Joh 15,16)

Gå i fred.

(Utsendingsord frå vigslingsliturgien)

SENTRALE LITURGISKE TEKSTAR PÅ SAMISKE SPRÅK

Nordsamisk

INNGANGSORD

Nådehelsing

Ráhkis searvegoddi. Árbmu lehkos dinguin ja ráfi Ipmil Áhčisteamet ja Hearrásteamet Jesus Kristusis.

I namnet til Faderen, Sonen og Den heilage ande

Áhči ja Bártni ja Bassi Vuoiŋŋa nammii.

KYRIE

Kyrie eleison, Ipmil Áhččámet árpmit min.
Kriste eleison, Hearrámet Kristus árpmit min.
Kyrie eleison, Bassi Vuoiŋŋa árpmit min.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

Mun oskkun Ipmil Áhččái, buotveagalažžii,
almmi ja eatnama sivdnideaddjái.

Mun oskkun Jesus Kristusii,
Ipmila áidnoriegádan Bárdnái, min Hearrái,
guhte sahkanii Bassi Vuoiŋŋas,
riegádii nieiddas Márjjás,
givssiduvvui Pontius Pilatusa áiggi,
russiinávlejuvvui, jámii ja hávdáduvvui,
njejai jábmiid riikii,
bajásčuožžilii jábmiid luhtte goalmmát beaivvi,
manai bajás albmái,
čohkká Ipmila, buotveagalaš Áhči, olgeš gieda bealde,
bohtá fas doppe dubmet elliid ja jábmiid.

Mun oskkun Bassi Vuoiŋŋii,
bassi oktasaš girku,
bassi olbmuid searvevuoda,
suttuid ándagassii addojumi,
oačči bajásčuožžileami
ja agálaš eallima.
Amen.

FADER VÅR

Áhčči min, don guhte leat almmis!
Basuhuvvos du namma.
Bohtos du riika.
Šaddos du dáhttu
mo almmis nu maddái eatnama alde.
Atte midjiide odne min beaivválaš láibámet.
Ja atte midjiide min suttuideamet ándagassii,
nugo maddái mii ándagassii addit min velggolaččaidasamet.
Ale doalvo min geahččalusa sisa,
muhto beastte min bahás eret.
Dasgo du lea riika ja fápmu ja gudni agálašvuhtii.
Amen.

NATTVERD

Utdelingsord

Dát lea Jesusa rumaš.
Dát lea Jesusa varra.

Tilseiingsord etter utdeling av nattverd:

Russiinávljuvnon ja bajásčuožžilan Jesus Kristus lea dál addán
didjiide (midjiide) bassi rupmašis ja varas, man son attii lonástussan buot din
(min) suttuid ovddas. Son nannešii din (min) duohta oskkus agálaš eallimii.
Ráfi lehkos dinguin.

VELSIGNINGA

Herrá buressivdnidivččii du ja várjalivččii du.
Herrá divttášii muođuidis čuovgat du badjelijii
ja livččii dutnje árbmugas.
Herrá bajidivččii čalmmiidis du ala
ja attášii dutnje ráfi. ✠

Lulesamisk

INNGANGSORD

Nådehelsing

Ármmo ja ráfe Jubmelis, Áhtjestimme ja Hærrá Jesus Kristusis.

I namnet til Faderen, Sonen og Den heilige ande

Áhtje ja Bárne ja Ájlis Vuojnjanisá namán.

KYRIE

Kyrie eleison, dân Áhtjtáma, gulldala.
Kriste eleison, Kristus Hærráma, gulldala.
Kyrie eleison, gulá, Ájlis Vuojņņanis.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

Mån jáhkáv Jubmel Áhtjtáj. Gájkvæksásij,
alme ja ednama sjivnnjediddjáj.

Jáhkáv Jesus Kristusij,
suv ájnmariegádim Bárnnáj, mijá Hærráj,
guhti Ájlis Vuojņņanisás sahkanij,
nejdda Marias riegádij,
Pontius Pilatusa vuolen vájveduváj,
ruossinávlliduváj, jámij ja hávddáduváj,
jábmmegij rijkkaj luojttádij,
goalmát biejeve jábmmegij lussta tjuodtjelij,
almmáj vuolgij,
gájkviekses Jubmel Áhtje oalges bielen tjáhkkáhime,
dåppelt vas boahtemin viessojt ja jábmmegijt duobbitjit.

Jáhkáv Ájlis Vuojņņanissaj,
ájlis aktisasj girkkuj,
ájllisij sebrudahkaj,
suttoj ándagisluojttemij,
jábmmegij tjuodtjelibmáj ja ihkeven iellemij.
Amen.

FADER VÅR

Áhttje mijá guhti le almen.
Ájlistuvvus duv namma.
Båhtus duv rijkka.
Sjaddus duv sidot
gåk almen, nåv aj ednamin.
Vatte midjij uddni mijá bæjvvásasj lájbev.
Ja luojte midjij suttojdimme ándagis,
nåv gåk mij aj luojttep mijá velgulattjajda.
Ja ale mijáv gæhttjalibmáj lájddi,
ájnat várjjala mijáv bahás.
Juhte duv le rijkka ja fábmo
ja herlukvuohta ihkeven ájggáj.
Amen.

NATTVERD

Utdelingsord

Dát le Jesusa rumáj.

Dát le Jesusa varra.

Tilseiingsord etter utdeling av nattverd:

Ruossinávllidum ja bájastjuodtjelam Jesus Kristus le dal didjij (midjij) vaddám ietjas ájlis rubmahav ja varáv mav sán sábadussan vattij dijá (mijá) suttoj ávdás. Sán gievrrodus dijáv (mijáv) ja várjjalus dijáv (mijáv) duodalasj jáhkon ihkeven iellemij.

Ráfe lehkus dijájna.

Velsigninga

Hærrá buorrissjivnnjedus ja várjjalus duv.

Hærrá, tjuovggijus árudijás dunji ja árrus dunji ármogis.

Hærrá járggálus árudijás dunji ja vaddus dunji ráfev.

Amen. Amen. Amen.

Sørsamisk

INNGANGSORD

Nådehelsing

Jupmele dijine áarmehke lea jih raeffiem dijese vadta.

I namnet til Faderen, Sonen og Den heilige ande

Jupmel Aehtjen, Baernien jih Aejlies Voejkenen nommesne.

KYRIE

Kyrie eelejsán, Jupmel Aehtjie, aarmodh.

Kriste eelejsán, Kristuse áejvie, aarmodh.

Kyrie eelejsán, Aejlies Voejkene, aarmodh.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

Manne Jupmelen Aahtjan jaahkam,

faamoehkommes, Elmien jih eatnemen sjugniedæjjese.

Manne Jeesus Kristusasse jaahkam,

Jupmelen aajnege baarnan, mijjen áajvan

gie Aejlies Voejkenen baaktoe áadtjine sjídti,

Maarja miejteste reakasovvi,

Pontius Pilatusen baelien njávtaovvi,

kroessese noeresovvi, jeemi j̄ih kroeptese biejesovvi,
våålese jaemedes-rijhkese vöölki,
gåalmeden biejjien jaemiedistie tjuedtjeli,
bæjjese Alman vöölki,
Jupmelen, faamoehkommes Aehtjien,
åelkies bielesne tjahkan,
gubpede viht edtja baaastede bætedh,
jielije j̄ih åemie almetjidie dööpmedh.

Manne Aejlies Voejkenasse jaahkam,
gærhkoen aejlies ektievoetese,
aejlies almetji tjåanghkenæmman,
sådtoej luejhtiemasse,
åedtjien tjuedtjielæmman j̄ih ihkuve jieliemasse.
Aamen.

FADER VÅR

Mijjen Aehtjie guhte leah Elmie-rijhkesne.
Baajh dov nommem aejliestovvedh.
Baajh dov rijhkem bætedh.
Baajh dov syjhtedem eatnamiesnie sjidtedh guktie Elmie-rijhkesne.
Luejhtieh mijjeste maam mijjeh meadtene
Guktie mijjeh luejhtebe dejstie guhth mijjese meadtene.
Aellieh luejhtieh mijjem giehtjelimmiej s̄ijse,
Valla vaarjelh mijjem bahheste.
Juktie rijhke lea dov, faamoe j̄ih earoe ihkuven aajkan. Aamen.

NATTVERD

Utdelingsord

Altern. I:

Daate lea Jeesusen åedtjie

Daate lea Jeesusen v̄irre

Altern. II:

Daate lea Jeesusen åedtjie mij dutnjien vadtasåvva

Daate lea Jeesusen v̄irre mij dov gielhtie gaalki

Tilseiingsord etter utdeling av nattverd:

Jeesus Kristuse gie kroessese noeresovvi j̄ih jaemiedistie tjuedtjeli, lea altese
aejlies åedtjiem j̄ih v̄irrem dijje (mijjese) vadteme sådtojste gorresovvedh.
Jeesuse dijje (mijjese) faamoem vadta j̄ih dijjem (mijjem) saetnies jaahkosne
vaarjele ihkuve jiemedasse. Raeffie dijje!

VELSIGNINGA

Jupmele datnem bueriesjugnehte jih datnem vaarjele.

Jupmele jijtse ååredæjjine dutnjien tjuavka
jih dutnjien åårmehke orre.

Jupmele jijtse ååredæjjine dov gåajkoe járra
jih dutnjien raeffiem vadta. ✕

HOVUDGUDSTENESTE PÅ SÆRSKILDE DAGAR I KYRKJEÅRET - RUBRIKKAR

ADVENTSTIDA

I advents- og juletida kan det vera aktuelt å bruka lyssymbolikk som liturgisk verkemiddel. Når Lysmesse/lysgudsteneste ikkje blir halden som hovudgudsteneste, kan slik gudsteneste vera ei fritt oppbygd temagudsteneste.

På hovudgudstenesta i adventstida kan det brukast adventskrans med fire lys, samtidig som ein syng dei aktuelle versa av ein høveleg adventssalme. Dette kan gjerast på plassen for inngangssalmen, eller som eit sjølvstendig innslag etter samlingsbøna.

JULAFTAN

Gudsteneste på julaftan kan leggjast opp etter struktureksempel 4, s.16, "Forenkla gudsteneste utan nattverd".

1. JULEDAG

På juledags høgtidsgudsteneste tilrår ein:

- *Dagens bøn som samlingsbøn.*
- *Gloria med laudamus.*
- *Høgtidsvers i innleiingsdelen av preika, NoS 47, eller eit anna høveleg vers.*
- *Nicenum som truvedkjenning.*

2. JULEDAG

På "Stefanusdagen" tilrår ein ei lokalt utforma forbøn som legg vekt på temaet "menneske som blir forfølgde for si tru" (jfr. Temaområda under Forbøn, s. 30), eller eit ferdig utforma litani for dei forfølgde.

SAMEFOLKSDAGEN (6. februar)

Samefolksdagen kan markerast i ei eiga gudsteneste på sjølve dagen eller i samband med hovudgudstenesta på den søndagen som ligg nærast.

Aktuelle einskildpersonar eller samiske miljø i lokalsamfunnet bør trekkjast inn i førebuinga og gjennomføringa av gudstenesta.

Lokale tilhøve avgjer korleis ein legg gudstenesta opp og i kva for grad samisk språk blir teke i bruk. Teamet for dagen kan få nedslag i salme- og tekstval, preike, forbøn, musikk, symbolhandlingar osv. Som eit minimum bør eit samisk kyrie bli sunge og dagen bør vera eit tema i forbøna.

Eit utval liturgiledd og salmar på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk finst i både Ordning for hovudgudstenesta og salmeboka.

FASTEGUDSTENESTE

Fastegudsteneste kan ein halda på kvar dagar, helst onsdag eller fredag, i tida frå oskeonsdag til onsdag i den stille veka. Det er ønskjeleg at det blir halde gudsteneste på oskeonsdag.

Ein tilrår at gudstenestene blir lagde opp etter struktureksempel 2, s.16, "Forenkla gudsteneste med nattverd".

Som Forbøn kan ein bruka Litaniet (NoS 951) eller ei anna høveleg forbøn i litaniform.

HOVUDGUDSTENESTER I FASTETIDA

Lovsong Gloria kan utelatast på hovudgudstenester i fastetida, med unnatak når det gjeld Maria bodskapsdag.

Som Forbøn kan Litaniet (NoS 951) og Fastekollekten brukast. Det kan vera høve til stille bøn og/eller ein kan be korte, lokalt utforma bøner før Fastekollekten.

Forsakinga kan brukast saman med trusvdkjenninga også når det ikkje er dåp – med følgjande innleiing:

Lat oss vedkjennast forsakinga og trua, slik det lyder ved den heilage dåpen.

Som innleiing til velsigninga kan ein bruka "Herren vere med dykk/Og med deg vere Herren" eller "Ta imot velsigninga".

SKJÆRTORS DAG

Dagens hovudgudsteneste med nattverd kan ein halda om kvelden.

Når gudstenesta tek slutt, kan altaret dukast av.

LANGFREDAG

Lesing av lidingshistoria (i Bibelens rekkefølge: Matteus, Markus, Lukas, Johannes) – sjå tekstboka.

Det kan haldast ei kort preike eller ein tekstmeditasjon. Eventuelt kan preika erstattast av stille, til ettertanke og bøn.

PÅSKENATT

Liturgien i Gudstenesteboka, del I, s. 223 ff, kan brukast.

PÅSKEDAG

På Påskedags høgtidsgudsteneste brukar ein gjerne:

- *Dagens bøn som samlingsbøn.*
- *Gloria med laudamus.*
- *Høgtidsvers i innleiingsdelen av preika, NoS 177, eller eit anna høveleg vers.*
- *Nicenum som truvedkjenning.*

*Der tilhøva ligg til rette for det, kan høgmessa denne dagen avsluttast slik:
Etter de tre gonger tre klokkeslag går kyrkjelyden ut under postludiet, eventuelt medan klokkene kimar, og samlar seg på kyrkjegarden, eventuelt på kyrkjebakken. Der syng ein nokre vers av ein høveleg påskesalme.*

1. MAI

Gudsteneste på 1. mai kan leggjast opp etter struktureksempel 2 eller 3, s. 16, "Forenkla gudsteneste med nattverd" eller "Gudsteneste utan nattverd".

Som forbøn foreslår ein ei lokalt utarbeidd bøn med vekt på følgjande temaområde: "Folk og nasjonar i verda" og "Vårt eige land og folk" (sjå Temaområde, Forbøn s. 30).

17. MAI

Gudsteneste på 17. mai foreslår ein blir lagd opp etter struktureksempel 4, s.16, "Forenkla gudsteneste utan nattverd".

Ein kan utarbeida forbøna lokalt med vekt på følgjande temaområde: "Folk og nasjonar i verda" og "Vårt eige land og folk" (sjå Temaområde, Forbøn s. 30).

PINSEDAG

På Pinsedags høgtidsgudsteneste tilrår ein:

- *Dagens bøn som samlingsbøn.*
- *Gloria med laudamus.*
- *Høgtidsvers i innleiingsdelen av preika, NoS 215, eller eit anna høveleg vers.*
- *Nicenum som truvedkjenning.*

SANKTHANS (Jonsok)

Gudsteneste på Sankthans kan leggjast opp etter struktureksempel 2 eller 3, s. 16, "Forenkla gudsteneste med nattverd" eller "Gudsteneste utan nattverd".

OLAVSDAGEN (Olsok)

Gudsteneste på Olavsdagen foreslår ein blir lagd opp etter struktureksempel 2 eller 3, s.16, "Forenkla gudsteneste med nattverd" eller "Gudsteneste utan nattverd".

MIKKELSMESS

(Erkeengelen Mikael og alle englars dag)

I kyrkjelydar som gjer vedtak om det, kan Mikkelsmess markerast anten på ei kveldsgudsteneste 29. september eller på høgmessa den søndagen som ligg nærast den datoen.

Tema som ein kan leggja vekt på denne dagen, er:

- a) Den kosmiske striden mellom gode og vonde makter.*
- b) Den kristologiske forankringa av kampen mot og sigeren over det vonde.*
- c) Erkeengelen Mikael og hans rolle.*
- d) Englane som Guds tenarar som blir sende til vår hjelp.*

Dagens preg bør særleg koma til uttrykk i salmeval, preike og utforming av forbøna.

Sider ved dagens tematikk gjer dagen særleg høveleg for at born og unge kan delta. Det kan til dømes vera prosesjon med born som ber bilete av englar eller englar dei sjølve har laga. Englane kan plasserast i koret eller kan hengjast opp i snorer i kyrkjerommet.

Dramatiserande innslag kan byggja på bibelske forteljingar om møte med englar.

I kyrkjer som har utsmykking med englemotiv, kan ein når tilhøva ligg til rette for det, ha vandring i kyrkjerommet til denne utsmykkinga.

HAUSTTAKKEFEST

Ein tilrår at born deltek på ein særleg måte og set sitt preg på denne gudstenesta.

Under inngangsprosesjon kan noko av grøda frå jorda berast fram.

Aktuelle grupper og organisasjonar i lokalsamfunnet kan trekkjast inn både under førebuinga og gjennomføringa av gudstenesta.

ALLEHELGENSDAG

Til hovudgudstenesta eller eiga minnegudsteneste kan ein invitera dei som i løpet av året har mist ein av sine kjære.

Dei som har gått bort det siste året, bør minnast ved at det blir tent lys for kvar enkelt og at det blir høve for alle som deltek på gudstjenesta til å tenna lys på lysglobe eller annan lystenningsstad.

HOVUDGUDSTENESTER MED SÆRLEG FOKUS PÅ TRUSOPPLÆRING

Ein tilrår at alle tiltak i kyrkjelydens trusopplæring har tilknytning til gudstenestelivet.

Dette inneber at born og unge som ein del av si trusopplæring også får høve til å vera medliturgar på hovudgudstenestene i kyrkjelyden.

Dei ulike "fasane" eller aldersgruppene i trusopplæringa bør òg knytast til nokre gudstenester der dei kan vera med og setja sitt heilt spesielle preg.

Dette gjeld blant anna gudstenester med utdeling av bøker eller andre opplæringsmidlar med tilknytning til trusopplæringstiltaket. Utdeling kan skje etter preika og truvedkjeninga, eller på ein annan høveleg stad i gudstenesta.

GUDSTENESTER I KONFIRMASJONSTIDA

Gudsteneste med presentasjon

Ved starten av konfirmasjonstida blir konfirmantane presenterte for kyrkjelyden i ei gudsteneste. Lokale tilhøve avgjer korleis denne gudstenesta skal leggjast opp.

At konfirmantane er til stades skal setja sitt preg på heile gudstenesta.

Presentasjonen av konfirmantane kan skje på ulike stader i gudstenesta, til dømes etter leddet "salmen etter truvedkjeninga" (ledd 15) eller i inngangsdelen av gudstenesta.

I samband med presentasjonen kan ein ha lystenning eller andre enkle symbolhandlingar.

"Bøn for konfirmantane" (sjå www.kirken.no) eller ei lokalt utforma forbøn kan brukast der forbønene har sin plass.

Nokre av leiarane for konfirmantarbeidet kan delta som medliturgar under bøna for konfirmantane og også elles i gudstenesta.

Konfirmasjonsgudsteneste med forbøn for den enkelte

Konfirmasjonstida blir avslutta med konfirmasjonsgudstenesta.

At konfirmantane er med, skal setja sitt preg på heile gudstenesta. Samlingsbøna kan utformast i samarbeid med konfirmantane.

Synsvedkjening kan utelatast eller utformast i samarbeid med konfirmantane.

Ord-delen i gudstenesta kan kortast ned til to eller éi tekstlesing.

*Truvedkjeninga seier ein fram saman med forsakinga etter preika under leddet **Påminning om dåpen**.*

*Ledd 16 **Forbøn** blir erstatta med **16 a (14 a,b,c i noverande ordning) Bøn for konfirmantane, 16 b Kort bønesalme og 16 c Bøn for den enkelte konfirmannten**.*

Ved prosesjoen kan det ringjast med alle klokkene.

Den forrettande presten kan bera messehaket ved prosesjonen og under altartenesta

HOVUDGUDSTENESTA SOM TEMAGUDSTENESTE

(aktuelt bl.a. på dagen for skaparverket og gudstenester knytt til andre tema som er nemnde i Tekstboka: Kristen einskap, Rettferd og fred, Forfølgde og undertrykte)

Temagudsteneste kan leggjast opp etter struktureksempel 1 og 2, s. 16, Høgmesse eller Forenkla høgmesse.

Temaet bør setja sitt preg på heile gudstenesta: Salmeval, samlingsbøn, tekstlesingar, preike, forbøn, offerformål, eventuelle symbolhandlingar, spesielle innslag som drama, dans, musikk og anna.

Gudstenesta legg ein opp og gjennomfører ein i størst muleg grad i samarbeid med grupper og organisasjonar som har eit særleg engasjement i forhold til det aktuelle temaet.

Når det er nattverd, brukar ein ei av dei godkjende nattverdsordningane. Om ein vil tilpassa ordninga for nattverd til ei særskilt gudsteneste, kan "Nattverdordning for særlege høve" brukast, med den opninga som der finst til å tilpassa ordninga til det høvet og det temaet som gudstenesta har.